

## Treplatting og flytekai på Skorpo

22.04.2010

**Forvaltningskomiteen har samrøystes gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan slik at det kanbyggjast treplatting og flytekai på eigedomen til Brit Margrethe Dale på Skorpo.**

**Dispensasjonen er grunngjeven med at Skorpo ikkje er landfast og det er difor naudsynt å hanødvendige kai-fasilitetar for å kunna landa trygt. Men før tiltaket kan igangsetjast må det gjevast løyve etter plan- og bygningslova.**

Flytekaien blir på 3 X 6 meter og treplattingen i ymse nivå opp til hytta. Saka har vore sendt på høyring og det er ikkje kome merknader.

I reguleringsplanen er det omsøkte arealet regulert til hytte med sjøområde utanfor. Det ligg eit område for naust/båtplass 30 meter sørvest for den omsøkte flytekaien.